



Torfinn Myklebust – får ein periode til i kommunestyret

Det kom inn fire uskedelingar i det nye kommunestyret: Gunn Mari Moberg frå Høgre, Tove Lill Lakselv frå Framstegspartiet, Bjarne Lilleaas frå Venstre og Torfinn Myklebust frå Innbyggjarpartiet.

Valet av den tidlegare Høgre mannen Myklebust (62), med 28 års tenestetid i Kvinnherad-politikken bak seg, var overraskande og litt av eit tillitsvotum, ettersom han har klatra frå syttande- til fjerdeplassen. Han fekk klart dei fleste slengjarstemmene av dei fire som vart valde for det nye partiet, nemlig 146.

- Det var reint tilfelle at eg stilte for Innbyggjarpartiet, det vart ein plass ledig der i siste minutt, fortel han til uskedalen.no. Myklebust gjer det klart at han enno ikkje reknar seg for gamal, men ungdommeleg. No ser han fram til å stilla opp saman med nye, gode samarbeidspartnarar som er fulle av glød og han kjenner for sin eigen del at han har fått att gløden!



Han gjev uttrykk for at han eigentleg kunne tenkt seg ein periode til som Høgre-representant, men legg til at "det var einskilde som ikkje ville det slik". Myklebust er ikkje i tvil om at han også har fått ein god del Høgre-røyster.

Gunn Mari Moberg fekk fleire røyster enn ordførarkandidaten

Moberg og Lakselv var kumulert av partia sine. Moberg fekk 55 fleire røyster enn ordførarkandidaten Arne Havnerås og gjekk forbi han tiltross for at det vart gjennomført ein spesiell Høgre-aksjon som hadde stor effekt i Rosendal.

Lilleaas var ikkje kumulert, men han kom i mål som nummer fire av Venstres fem etter sterk og frisk innsats i valkampen. Lilleaas fekk mange personlege røyster og 159 slengjarar.

Partileiar Kjell Yri, også han frå Uskedalen, vart første varamedlem. På sjette og sjuande varaplass for dette partiet kom uskedelingane Reidar Myklebust og Kristian O. Bringedal.



Tove Lill Lakselv var kumulert og vart innvald

Sosialistisk Venstrepartis Jostein Grov kom på tredje varamannsplass sjølv om han var kumulert fordi han ikkje fekk tilstrekkeleg mange personlege røyster eller slengjarar.

Av uskedelingar i andre parti kom Leonard Eik inn som fjerde vara for Kristeleg Folkeparti, Elin Legland som tredje vara for Senterpartiet og Knut Sjøwall som niande vara for Arbeiderpartiet.

Den sannsynlege nye ordførar Synnøve Solbakken fekk for øvrig desidert flest røystar ved valet..

I den perioden som no snart er slutt var Torfinn Myklebust den einaste som var innvald som fast representant frå Uskedalen. No får han altså selskap med tre uskedelingar til. Torfinn blir nestor i kommunestyret saman med Thorleif Hellesøy, som er 64.

Av Ola Matti Mathisen



Bjarne Lilleaas gjorde eit godt val.